



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 04.12.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann, rådmannen gjekk under handsaming av sak OS 193/18
Siri Birkeland Solheim	Prosjektleder eigedom OS 185/18
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef PS 192/18 og OS 193/18
Steinar Ose-Velle	Barn og unge sin representant i plansaker



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 190/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
OS 192/18	Nedbemanning i tenesta for einslege mindreårige flyktningar
PS 191/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 185/18	Presentasjon av mogelighetsstudiet for Volda ungdomsskule
PS 192/18	Søknad om nedsetting/fritak frå eigedomsskatt
PS 193/18	Leigeregulativ kommunale bygg 2019
PS 194/18	Orienteringssaker
OS 186/18	Sal av modulbrakker - utfyllande informasjon om prosessen
OS 187/18	Innmelding av ny representant for styret i SSIKT frå Volda kommune
OS 188/18	Midlar frå næringsfondet " Å skape arbeidsplassar i Volda "
OS 189/18	Søknad frå Symfoniorkesteret. Vedtak i tenesteutval for oppvekst og kultur 21.11.2018
OS 190/18	Brev til Møre og Romsdals fylkeskommune frå Rovde grendalag, Lauvstad og Velsvik grendautval og Dravlausbygda og Innselset grendalag vedrøadande takstauke på ferga Volda - Lauvstad - Folkemøte på Lauvstad
OS 191/18	Ulstein kommune - uttale til E39, Voldatunnelen – Finansiering
OS 193/18	Privat reguleringsplan Storgata



VOLDA KOMMUNE

PS 190/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var sju møtande ved møtestart.

Innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Røysting innkalling:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Ordføraren informerte om at rådmannen, innleiingsvis i møtet, vil orientere om prosess kring nedbemanning i tenesta for einslege mindreårige flykningar.

Dan Helge Bjørneset viste til planar om utbygging i Storgata og bad om ei orientering om status og prosess.

Anders Egil Straume reiste spørsmål om manglande skilting ved gangfelt på øvre Rotset.

Gunnar Strøm viste til skilt som ligg i vegbana ved Andenesvegen.

Røysting sakliste:

Saklista, med tillegg frå ordføraren, Dan Helge Bjørneset, Anders Egil Straume og Gunnar Strøm, vart samrøystes godkjent.

Odd A. Folkestad møtte kl. 12.06.

OS 192/18 Nedbemanning i tenesta for einslege mindreårige flykningar

Rådmannen viste til lågare aktivitet i tenesta for einslege mindreårige flykningar og at det vert behov for nedbemanning i tenesta. Formannskapet vart informert om at prosessen med nedbemanning har starta, i samarbeid med tillitsvalte.

PS 191/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Sølvi Dimmen møtte kl. 12.10.



VOLDA KOMMUNE

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 27.11.2018 vart samrøystes godkjent.

OS 185/18 Presentasjon av mogeligheitsstudiet for Volda ungdomsskule

Arkitekt Svein Skylstad frå Skylstad Arkitektur as, presenterte mogeligheitsstudie for Volda ungdomsskule.

Prosjektleiari, eigedomsavdelinga, Siri Solheim, informerte og svarte på spørsmål frå formannskapet.

Barn og unge sin representant i plansaker Steinar Ose-Velle møtte.

PS 192/18 Søknad om nedsetting/fritak frå eigedomsskatt

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet meiner vilkåra for nedsetting eller ettergjeving av eigedomsskatt i eigedomsskatteloven (eskl) § 28 ikkje er oppfylt og søknaden vert dermed ikkje imøtekome.

Handsaming:

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jf. kl. § 31, nr. 2. og offl. § 13.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle lukkast.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 7 røyster og vart vedteken, to røysta mot (Odd A. Folkestad og Anders Egil Straume).

Vedtak i formannskapet - 04.12.2018:

Formannskapet meiner vilkåra for nedsetting eller ettergjeving av eigedomsskatt i eigedomsskatteloven (eskl) § 28 ikkje er oppfylt og søknaden vert dermed ikkje imøtekome.

Det vart samrøystes vedteke å opne møtet.

PS 193/18 Leigeregulativ kommunale bygg 2019

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagte leigeregulativ for kommunale bygg i Volda kommune, datert 28.11.2018. Framlegg til nye leigesatsar gjeld frå 01.01.2019.

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 04.12.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagte leigeregulativ for kommunale bygg i Volda kommune, datert 28.11.2018. Framlegg til nye leigesatsar gjeld frå 01.01.2019.

PS 194/18 Orienteringssaker

OS 186/18 Sal av modulbrakker - utfyllande informasjon om prosessen

OS 187/18 Innmelding av ny representant for styret i SSIKT frå Volda kommune

OS 188/18 Midlar frå næringsfondet " Å skape arbeidsplassar i Volda "

OS 189/18 Søknad frå Symfoniorkesteret . Vedtak i tenesteutval for oppvekst og kultur 21.11.2018

OS 190/18 Brev til Møre og Romsdals fylkeskommune frå Rovde grendalag, Lauvstad og Velsvik grendautval og Dravlausbygda og Innselset grendalag vedrøadande takstauke på ferga Volda - Lauvstad - Folkemøte på Lauvstad

OS 191/18 Ulstein kommune - uttale til E39, Voldatunnelen - Finansiering

OS 193/18 Privat reguleringsplan Storgata

Rådmannen gjekk frå møtet kl. 14.10.



VOLDA KOMMUNE

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om arbeid med ein privat detaljreguleringsplan i Storgata. Utviklingssjef Jørgen Vestgarden informerte om rutinar kring private reguleringsplanar, og status for prosjektet. Formannskapet vil få saka til politisk handsaming i forkant av reguleringsplanoppstart.

Møtet slutt kl. 14:25

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
04.12.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent